



Tor Johannes Hjertnes  
Hordaland helsefagskule

Dato: 15.09.2014  
Vår ref.: 2014/2-57  
Saksbehandlar: adelan  
Dykkar ref.:

## **Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan spesialreinhold og sterilforsyning**

Sak om løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan spesialreinhold og sterilforsyning vart handsama i Hordaland fagskulestyre 11. september 2014. Under dette brev følgjer saksprotokoll.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Adeline Berntsen Landro  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/2-51  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	29/14	11.09.2014

## Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan Spesialreinhold og sterilforsyning

### Samandrag

Fusa fagskule er den einaste skulen i landet som så langt har fått godkjent fagskuletilbodet Spesialreinhold og sterilforsyning (stadbasert). Dette er eit svært ettertrakta tilbod nasjonalt, og Fusa fagskule ønskjer difor løyve til å søkje godkjenning av NOKUT om eit nettbasert tilbod innan Spesialreinhold og sterilforsyning i tillegg til det stadbaserte tilbodet skulen allereie har.

### Forslag til vedtak

Fusa fagskule kan søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan spesialreinhold og sterilforsyning.

### Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fusa fagskule kan søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan spesialreinhold og sterilforsyning.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.08.2014**

Fusa fagskule har utarbeidd fagskuletilbodet Spesialreinhald og sterilforsyning i samarbeid med Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus. Dette er eit svært ettertrakta tilbod nasjonalt, og Fusa fagskule er så langt einaste skulen som har godkjenning for å gje dette tilbodet. Tilbodet er godkjent som eit stadbasert tilbod med nettstøtte.

For å kunne imøtekomme kompetansebehovet nasjonalt, og for å kunne rekruttere breiare, vil det vere føremålstenleg å søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan Spesialreinhald og sterilforsyning i tillegg til det stadbaserte tilbodet. Fusa fagskule vil soleis kunne gje tilbodet både lokalt som stadbasert tilbod, og nasjonalt som nettbasert tilbod med nokre få samlingar. Søknaden frå Fusa fagskule ligg som vedlegg til saka.